



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)

[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

Org.nr.: 976 997 654

### Innkalling til mte

**Utval:** Aukra sokne- og fellestråd (SFR)  
**Mtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Mtetid:** Kl. 18.00 – 21.25  
**Mtestad:** Mterommet p Kyrkjelydshuset

### Innkalla medlemmar i sokne- og fellestrådet:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Per Arne Rindary, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

### Kopi til varamedlemmar:

Rune Vgy, Edvin Magne Nyb, Janne Wie, Gunnar Kolflth, Knut Oterhals, Odd Jrgen Nilsen og Grethe Lystad Johnsen.

*Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no).*

*Varamedlemmar fr innkallinga til orientering, men treng berre å mte ved nrre innkalling.*

*Vi startar med å delta p Barnegospel sin vrkonserter i kyrkja kl. 18.00. Mtet i SFR startar rett etter konserten, kring kl. 19.00.*

### SAKLISTE

**Sak 31/24 GODKJENNING AV:**

- A. Innkalling
- B. Sakliste
- C. Referat fr mte 18.04.2024

**Sak 32/24** Utlysing av stillingane som kontor og trusopplrar/kyrkjelydspedagog (FR-sak)

**Sak 33/24** Ny tenesteytingsavtale mellom Aukra kommune og Aukra sokn (FR-sak)

**Sak 34/24** Hyring – Beredskapsplan for Mre bispedme (FR-sak)

**Sak 35/24** Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023 (SFR-sak)

**Sak 36/24** Rapportar fr dei nyvalde komitleiarane (SR-sak)

**Sak 37/24** Korleis auke oppslutninga om kyrkja? Innspel fr Per Arne Rindary (SR-sak)

**Sak 38/24** Deltaking p Aukradagen 15.06.24 - planlegging (SR-sak)

**Sak 39/24** Tilbod om å arrangere Country helaften i Aukra hausten 2024 (SR-sak)

**Sak 40/24** Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)


**Sak 39/24-1** Referat fr mte i AU 02.05.2024

**Sak 41/24** Eventuelt

Aukra 16.05.2024

Erlend Melby (s)  
Leiar

Max Ingar Mrk  
Fung. kyrkjeverje



## **MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

### **Desse medlemmane møtte:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede og Kristian Finn Risung (7).

**Forfall:** Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem og Berit Cesilie Huse.

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Opning:** Kristian delte nokre tankar om iver i tenesta. Har vi gjeve opp den første kjærleiken slik som kyrkjelyden i Efesos (Joh. op. 2, 4)? Tenk om vi kunne kappast om å peike på Jesus!

### **Sak 21/24 GODKJENNING AV:**

#### **A. Innkalling**

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

#### **B. Sakliste**

Saklista blei godkjent utan merknadar.

#### **C. Referat frå møte 07.03.2024**

Referatet blei godkjent utan merknadar.

### **Sak 22/24 Revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR – utsett sak**

Hans Kristian gjorde greie for det nye punktet om arbeidsmiljø og HMS. Han vil følgje opp med ein risikogjennomgang av soknet si verksemd der ein vurderer vernearbeidet og HMS-situasjonen, både for tilsette, frivillige og brukarar av tenestene i soknet.

I samsvar med tilrådinga gjorde fellestrådet slikt samrøystes

#### **Vedtak:**

Aukra SFR vedtek det framlagte forslaget til revidert delegasjonsreglement med tillegg av eit nytt punkt 7 om arbeidsmiljø og internkontroll med følgjande tekst:

«Kyrkjeverja skal være kjent med oppdaterte krav i internkontrollforskrifta og tilhøyrande regelverk. Det er spesielt viktig at dei tilsette si helse, miljø og sikkerheit (HMS) blir godt ivareteke gjennom systematisk og målretta arbeid. Dette er kyrkjeverja sitt

ansvar, men det er samtidig viktig å understreke at dei tilsette har medverkingsplikt i HMS arbeidet.

Som representant for den største arbeidsgivaren har kyrkjeverja også ansvar for å samordne HMS-arbeidet for alle som arbeider i soknet i medhald av samarbeidsavtalen mellom bispedømeråd og kyrkjeleg fellestråd, jf. Arbeidsmiljøloven § 2-2.

Det visast elles til *Arbeidsmiljøloven kapittel 2 Arbeidsgivers og arbeidstakers plikter, Internkontrollforskriften og Håndbok for menighetsråd og fellestråd kapittel 6.17.»*

Tidlegare punkt 7 og 8 i reglementet blir da nytt punkt 8 og 9.

Reglementet gjerast gjeldande frå vedtak i SFR og skal evaluerast innan utgangen av kvar valperiode. SFR kan til ei kvar tid gjere endringar i reglementet.

#### **Sak 23/24 Økonomirapport for SFR pr. 31.03.24**

Fung. kyrkjeverje orienterte kort om økonomisituasjonen. Han forklarte at utgifter og inntekter kunne falle ujamnt i løpet av året slik at rekneskapen for 1. kvartal kunne gi eit skeivt bilde av situasjonen. T.d. var tilskotet for mars frå kommunen kome inn, men ikkje bokført. Fellestrådet meinte rekneskapsføraren måtte oppfordrast til å få inn alle tal ved kvartalsavslutningane.

I samsvar med tilrådinga gjorde fellestrådet slikt samrøystes

##### **Vedtak:**

Aukra SFR tek økonomirapporten pr. 31.03.24 til vitande.

#### **Sak 24/24 Personalsituasjonen – evt. samarbeid med Molde kyrkjelege fellestråd**

Notat frå kyrkjeverja i Molde om moglege samarbeid var ettersendt.

Fellestrådet drøfta kva for strategi ein skulle legge seg på for å få best moglege tenester i Aukra sokn – med eller utan hjelp frå Molde. Det var ulike omsyn og synspunkt knytt til dei tre ledige stillingane:

**Kantorsituasjonen:** Utlysinga før jul førte ikkje fram. Fellestrådet meinte det ville vere vanskeleg å få gode søkarar på ei 60 % stilling ved ei ny utlysing no. Rådet konkluderte med at ein vil prøve ei ordning ut året der ein spør Molde og Robert Coates om kva for gudstenester dei eventuelt kan dekke, og at Jens Petter Kjöll blir spurt om å dekke resten. Når det gjeld gravferder vil ein prøve ut tilbodet om at Molde skaffar organist blant sine faste organistar/vikarar.

**Trusopplærar og kyrkjeverje:** Molde skal ut med ei ny utlysing av trusopplærar no. Dei kan tipse oss dersom det kjem fleire søkarar. Eit alternativ kan vere å tilsette trusopplærar i 40 % fast stilling + ei mellombels stilling på 60 % som kontorleiar i Aukra. Inntil 40 % kyrkjeverjeoppgåver kan da kjøpast frå Molde.

Eit anna alternativ er å lyse ut ei 100 % mellombels stilling som kyrkjeverje. Rådet fann det likevel vanskeleg å vedta noko før den tilsette kyrkjeverja sin framtidige situasjon er avklara. Leiar skal vere med på eit møte med NAV i mai. Rådet understreka at ein da må vere tydeleg på soknet sitt behov.

##### **Vedtak:**

Aukra SFR viser til synspunkta som kom fram i drøftinga av personalsituasjonen og vil gå i vidare dialog med kyrkjeverja i Molde på dette grunnlaget.

**Sak 25/24 Beskjerjing av tre ved kyrkja – utsett sak**

I samsvar med innstillinga gjorde fellestrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellestråd gir fung. kyrkjeverje fullmakt til å vurdere omfang og metode for beskjerjing av treet ved kyrkja i samråd med gartnar, kyrkjegardsarbeidar og utførande firma. Dei har også fullmakt til å vurdere og gjennomføre beskjerjing av andre tre på kyrkjegarden som står på hall. Arbeidet bør utførast i løpet av våren 2024.

**Sak 26/24 Endringar i gudstenesteplanen**

I samsvar med innstillinga gjorde soknerådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra sokneråd tek dei framlagte endringane i gudstenesteplanen til vitande.

**Sak 27/24 Strategidagen 06.04.24 – oppsummering og vidare prosess**

I samsvar med innstillinga gjorde soknerådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra sokneråd set ned følgjande utval med tilhøyrande leiarar/kontaktpersonar frå soknerådet:

- Trusopplæringsutval – Erlend
- Gudstenesteutval – Edvin Magne
- Diakoniutval – Kari
- Kyrkjemusikkutval – Rune
- Bygg, gravplass – Anne Berit
- Interiør og liturgisk utstyr – Britt Karin
- Frivillig- og rekrutteringsutval – Janne
  - Særleg fokus på aktivitet i Julsundet – Marta Kristin
- Misjonsutval + KN-kontakt – Kari, Anne Berit
- PR-avdeling: Informasjonsutval (kyrkjeblad + digitale flater) – Per Arne
- HMS-koordinator – Hans Kristian

Kontaktpersonane har fullmakt til å rekruttere fleire personar inn i sine utval og gjerne utforme forslag til mandat for utvalet som seinare leggast fram for soknerådet til godkjenning.

**Sak 28/24 Høyring – Kulturplan for Aukra kommune 2024-2027**

Leiar hadde skrive eit forslag til høyringsuttale som var sendt ut til rådet på førehand. Det var kome inn ein merknad om at ein sakna omtale av gospel-aktiviteten (barnegospel og GGV). Rådet viste til at dette ikkje er kyrkjelyden sitt eige arbeid og derfor ikkje høyrer heime i soknerådet sin uttale.

Etter dette gjorde soknerådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra sokneråd vedtek uttale til *Kulturplan for Aukra kommune 2024-2027* i samsvar med leiar sitt framlegg.

**Sak 29/24 Referat- og orienteringssaker**

**Sak 29/24-1 Fasteaksjonen i Aukra 17. mars 2024 - oppsummering**

**Sak 29/24-3 Konserten «Sanger fra vest» i Aukra kyrkje 28.04.24**

**Sak 29/24-4 Julekonsert med SKRUK i Aukra kyrkje 07.12.24**

**Sak 29/24-5 Høyringsuttale – tilskot til kulturhistorisk viktige kyrkjer**

**Sak 29/24-6 Høyringsuttale – revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme**

**Sak 29/24-7 Val av ny kommunal representant til Aukra fellelråd**

**Sak 29/24-8 Referat frå møte i AU 02.04.2024**

**Vedtak:**

Referat- og orienteringssakene blei gjennomgått og tekne til vitande.

**Sak 30/24 Eventuelt**

Fung. kyrkjeverje og kyrkjetenaren orienterte om at det står fem gamle bord lagra på gallerigangen i kyrkja. Soknerådet stadfesta at dei ikkje hadde vore i bruk på mange år, og at det var greitt å gi dei bort til interesserte. Dei kan averterast på facebook-sida *Kjøp og salg på Gossen*.

Aukra 18.04.2024

Erlend Melby

Leiar (sign)

Max Ingar Mørk

Fung. kyrkjeverje



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 32/24 Utlysing av stillingane som kantor og trusopplærar/ kyrkjelydspedagog**

SFR vedtok i møtet 18. april – sak 24/24 – å be kyrkjevevja i Molde om hjelp til å skaffe kantor til gravferder og nokre gudstenester. SFR vedtok samtidig å utsette spørsmålet om utlysing av trusopplærar og kyrkjevevje/sekretær til møtet i mai.

Det har vore kontakt med kyrkjevevja i Molde om mogeleg kjøp av tenester for trusopplærar og kantor. På grunn av nylege reduksjonar i kantorstillingane har ikkje Molde ressursar å tilby Aukra. Dei har også vakanse på trusopplærarar.

På eit arbeidsgivarmøte mellom domprosten og kyrkjevevjene i prostiet 30.03.24 gjorde domprosten greie for at bispedømet av økonomiske grunnar må redusere talet på prestestillingar og at dette kan føre til færre forordna gudstenester. I neste omgang kan dette frigjere organistressursar som t.d. Aukra kan gjere seg nytte av. Fordi det er vakante stillingar i fleire av fellestråda, føreslo kyrkjevevja i Molde å gå ut med ei samla annonse for ledige stillingar i kyrkja i heile Romsdal til hausten.

AU drøfta dette på møte 02.05.24 og stilte seg positiv til ei felles stillingsutlysing. Men AU ville i tillegg føreslå ei separat utlysing av stillingane for kantor og trusopplærar i Aukra før sommaren. Fung. kyrkjevevje fekk i oppdrag å førebu utlysingstekstar for dette.

Det har etablert seg ein relativt utbreidd praksis for utforming av stillingsutlysingar i kyrkja. Malen er fleksibel og kan tilpassast den einskilde stillinga. I vedlagte forslag til utlysing av dei to stillingane har ein henta tilfang frå fleire tilsvarande stillingar og prøvd å tilpasse dei til situasjonen i Aukra.

Forslaget som gjeld kantorstillinga bryt litt med strukturen frå utlysinga i oktober 2023 (vedlagt). Det nye forslaget er meir detaljert og supplert med punkt ein meiner det er viktig å presisere.

Forslaget som gjeld trusopplærarstillinga er i samsvar med liknande utlysingar. SFR må ta stilling til om stillinga skal vere 40 % – som vi får tilskott til, eller 50 % – der vi må dekke 10 % sjølv. Når det gjeld stillingstittel har kyrkjerådsdirktøren gitt uttrykk for at ein bør unngå tittelen *trusopplærar* etter at den tidlegare trusopplæringsplanen for Dnk på siste kyrkjemøte blei erstatta av *Plan for kirkelig undervisning og læring*. Den mest brukte tittelen no er menighetspedagog/kyrkjelydspedagog for undervisningstilsette som ikkje er utdanna kateketar.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellestråd vedtek å lyse ut stillingane som kantor og kyrkjelydspedagog før sommaren i samsvar med dei vedlagte forslaga til utlysingstekst.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

*Utlysingstekst oktober 2023*

**Kantor / organist / kyrkjemusikar, 60% stilling**  
**Aukra Sokn**

Aukra sokn ligg i Møre bispedøme, om lag 10 km frå Molde.

Aukra kommune er ein eittsoknskommune med om lag 3700 innbyggjarar. Hovuddelen med Aukra kyrkje ligg på øya Gossen. Julsundet er fastlandsdelen av soknet / kommunen. Om lag 2500 innbyggjarar bur på øya, 1200 på fastlandet. Ferga tek 12 min og går jamleg. Kommunen har to barne/ungdomsskolar, med SFO; barnehagar, helsesenter m/legeteneste, tannlege, fysioterapi; nytt kulturhus; aktivt kultur- og idrettsliv, mykje kristeleg aktivitet.

Soknekyrkja ligg på Gossen, det er ei åttekanta tømmerkyrkje frå 1835. Orgelet er eit 16 stemmers pipeorgel med kombinasjonsanlegg frå TH Frobenius & sønner, bygd i 1995. Orgelet har fått mykje god omtale av konsertutøvarar.

Staben består av kyrkjevevje, sokneprest, kantor, trusopplærer, klokkar og to kyrkjetenarar. Like ved kyrkja ligg eit fint, nytt kyrkjelydshus med kontor, møterom og kyrkjelydssal.

**60 % stilling som kantor/organist/kyrkjemusikar i Aukra sokn er ledig frå 1. januar 2024.**

Kvalifikasjonskrav i hht. tenesteordning for kantor. Relevant erfaring er ønskjeleg. Ein legg vekt på at søkjar har evne til samarbeid, initiativ og kreativitet i arbeidet. Søkjar må vere medlem av Den Norske Kyrkja.

*Dersom det ikkje melder seg søkjarar med kantorkompetanse, kan organist / kyrkjemusikar tilsetjast.*

Teneste ved gudstenester og kyrkjelege handlingar, som i hovudsak er lagt til Aukra kyrkje. 8-10 gudstenester i året er lagt til Julsundet Fleirbrukshus / Mevoldtunet på fastlandet.

Hovudarbeidsområdet vil vere i høve til tenesteordning. Nærare fastsetting av kantors oppgåver blir sett opp i instruks og arbeidsplan saman med den som vert tilsett.

Løns- og arbeidsvilkår i hht. avtaleverket. Pensjonsordning i KLP. Gjensidig prøvetid: 6 mnd.

Kontakt: Leiar i Aukra sokne- og fellestråd (SFR): *namn og telefonnr. Fung kyrkjevevje????*

Søknad med bekrefte kopiar av vitnemål og attestar sendast innan 15.nov 2023 (???), til:

Aukra sokn  
Skogvegen 1A  
6480 Aukra

## Kantor / organist / kyrkjemusikar, 60 % fast stilling

Aukra kyrkjelege fellesråd har ledig 60 % fast stilling som kantor/organist/kyrkjemusikar i Aukra sokn. Aukra er ein eittsoknskommune med 3700 innbyggjarar, fordelt med om lag 2550 personar på hovudøya Gossen og 1150 på fastlandsdelen Julsundet. Ferja mellom Gossen og Julsundet går jamleg og tek 12 minutt. Kommunen har godt utbygde servicetilbod, eit aktivt kultur- og idrettsliv og stor kristeleg aktivitet.

Aukra kyrkje er ei åttekantkyrkje i tømmer frå 1835 og ligg på Gossen. Kyrkja har eit 16 stemmers pipeorgel med to manualar og pedal frå 1995, levert av Th. Frobenius & Sønner,

### *Arbeidsoppgåver:*

- Planlegging og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar i Aukra kyrkje, i tillegg til 8–10 gudstenester i året på Julsundet.
- Samarbeide med andre tilsette om trusopplærings-, konfirmant-, diakoni- og anna kyrkjelydsarbeid
- Rekruttere og legge til rette for at frivillige i alle aldrar kan ta del i song- og musikklivet i kyrkjelyden
- Ha ansvar for konsertar og andre musikalske arrangement i samarbeid med kollegaer, frivillige og sokneråd
- Følgje opp kyrkjelyden si kyrkjemusikalske verksemd i tråd med soknerådet sine planar og prioriteringar
- Vere rådgivar for sokne- og fellesrådet i kyrkjemusikalske spørsmål
- Ha ansvar for tilsyn med og vedlikehald av kyrkja sine instrument og øvrige musikkutstyr

### *Kvalifikasjonar:*

- Kvalifikasjonskrav i samsvar med tenesteordning for kantorar. Anna musikalsk utdanning og erfaring kan også bli vurdert
- Søkar må ha allsidig orgel- og pianoferdigheit
- Må kunne meistre fleire musikksjangrar, vere komfortabel med samspel og ha kunnskap og erfaring med korleing
- Må ha evne til å organisere og gjennomføre prosjekt
- Må ha gode kunnskapar om norsk gudstenestetradisjon og liturgi
- Må kunne norsk eller skandinavisk språk, munnleg og skriftleg
- Må være medlem av Den norske kyrkja

### *Personlege eigenskapar:*

- Kontaktskapande og samarbeidsvillig, med evne til å arbeide sjølvstendig og i team
- Interessert i og open for musikalsk mangfald og tverrfagleg samarbeid
- Initiativrik, engasjert og inspirerande
- Gode pedagogiske evner
- God skriftleg og munnleg kommunikasjonsevne
- Grunnleggande datakunnskap
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt



### *Vi tilbyr:*

- Godt arbeidsmiljø og stabsfellesskap
- Stort handlingsrom for skaping, samskaping og trivsel
- Kontor i kontorfellesskap på Aukra kyrkjelydshus
- Tilsetning og løn i samsvar med gjeldande avtaleverk for kyrkjeleg sektor
- Pensjonsordning i KLP

### *Søknad og kontaktinformasjon:*

- Søknad med vitnemål og attestar sendast elektronisk via [www.kirkejobb.no](http://www.kirkejobb.no)
- Søknadsfrist: 21.06.2024
- Prøvespel må påreknast
- Tilfredsstillande politiattest må kunne framleggast ved tilsetning, jf. Trussamfunnslova § 20
- Prøvetid: 6 mnd.
- Kontaktpersonar: Leiar i Aukra sokne- og fellesråd Erlend Melby, e-post [erlend.melby@korsvikbakken.com](mailto:erlend.melby@korsvikbakken.com), tlf. 922 20 253 eller fung. kyrkjeverje Max Ingar Mørk, e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no), tlf. 951 85 921

## Kyrkjelydspedagog / trusopplærer i Aukra sokn, 50 % fast stilling

Aukra kyrkjelege fellesråd har ledig 50 % fast stilling som kyrkjelydspedagog/trusopplærer i Aukra sokn. Stillinga omfattar i første omgang oppgåver og ansvar for kyrkjeleg undervisning for barn og unge 0 – 18 år etter vedteken trusopplæringsplan. Planen står framfor revisjon i høve til nyleg vedteken *Plan for kirkelig undervisning og læring*.

### *Arbeidsoppgåver:*

- Planlegge og gjennomføre kyrkjeleg undervisning og læring retta mot barn og ungdom
- Ta del i konfirmantarbeidet
- Rekruttere, motivere og følgje opp frivillige medarbeidarar
- Noko kvelds- og helgearbeid inngår i stillinga.

### *Kvalifikasjonar:*

- Relevant høgare utdanning med vekt på kristendom og pedagogikk
- Erfaring frå og interesse for arbeid med barn og unge
- Erfaring frå frivillig kyrkjeleg arbeid
- Søkar må være medlem av Den norske kyrkja

### *Personlege eigenskapar:*

- Gode formidlings- og kommunikasjonsevner i møte med barn og unge
- Initiativrik, fleksibel og løysingsorientert
- Gode leiareigenskapar
- Evne til å arbeide både sjølvstendig og i team
- Evne til å skape gode relasjonar
- God skriftleg og munnleg kommunikasjonsevne
- Grunnleggande datakunnskap
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

### *Vi tilbyr:*

- Godt arbeidsmiljø og stabsfellesskap
- Fleksibel arbeidstid
- Kontor i kontorfellesskap på Aukra kyrkjelydshus
- Tilsetting og løn i samsvar med gjeldande avtaleverk for kyrkjeleg sektor
- Pensjonsordning i KLP

### *Søknad og kontaktinformasjon:*

- Søknad med vitnemål og attestar sendast elektronisk via [www.kirkejobb.no](http://www.kirkejobb.no)
- Søknadsfrist: 21.06.2024
- Tilfredsstillande politiattest må kunne framleggast ved tilsetting, jf. Trussamfunnslova § 20
- Prøvetid: 6 mnd.
- Kontaktpersonar: Leiar i Aukra sokne- og fellesråd Erlend Melby, e-post [erlend.melby@korsvikbakken.com](mailto:erlend.melby@korsvikbakken.com), tlf. 922 20 253 eller fung. kyrkjeverje Max Ingar Mørk, e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no), tlf. 951 85 921



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 33/24 Ny tenesteytingsavtale mellom Aukra kommune og Aukra sokn**

Aukra kommunestyre har i møte 02.11.2023, sak PS 59/23, gjort slikt samrøystes vedtak:

- Aukra kommune held fram med tenesteyting til Aukra Sokn, som erstattar delar av det årlege tilskotet som blir løyvd til Aukra Sokn for kyrkjelege formål.
- Gjeldande avtale om tenesteyting mellom Aukra Sokn og Aukra kommune stammar frå 1997. Denne blir no revidert for å spegle tenesteytinga sitt faktiske innhald og verdisetting.
- I avtalen som stammar frå 1997 er tenesteytinga verdsett til kr. 30 000 pr. år, pluss kr. 8 000 i kopiering. Verdsetting blir no auka til kr. 205 000 pr. år. Verdi av tenesteytinga vert trekt ut i frå løyve til Aukra Sokn, og netto løyve blir utbetalt med 1/12 av årsbudsjett månadleg.

Tenesteytingsavtalen er heimla i Trossamfunnslovens § 14, 3. ledd, der det står: *Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.*

Kommunen har i dette tilfellet teke opp avtalen frå 1997 til revisjon utan å involvere soknet. Det er såleis ikkje gjort nokon avtale med soknet slik loven forutset, og soknet må derfor fritt vurdere om avtalen er tilfredsstillande i høve til soknet sine interesser og ønskje. Avtalen tredde i kraft frå 01.01.2024 og kan seiast opp frå begge partar med 6 månaders varsel.

Ved revisjonen har kommunen teke utgangspunkt i den faktiske tenesteytinga pr. i dag og gjort ei økonomisk berekning av verdien av desse tenestene. Verdien er sett ut frå samanlikning med andre kommunar. Avtalen omfattar følgjande tenester og verdiar:

<b>Teneste</b>	<b>Pris – årleg</b>
Rekneskapsføring	Kr. 73 000
Lønsutbetalingar	Kr. 52 000
Vintervedlikehald av off. P-plassar ved kyrkja	Kr. 60 000
IKT-nettverk	Kr. 20 000
<b>Total</b>	<b>Kr. 205 000</b>

Prisane gjeld for 2023 og vil bli regulert årleg med gjeldande kommunal deflator.

I kommunen sitt saksframlegg heiter det at Aukra sokn kjøper tenester frå Aukra kommune for eit beløp tilsvarande verdien av tenesteytinga. Ifølgje *God kommunal regnskapskikk (gkrs)* sitt notat «Regnskapsføring av transaksjoner mellom kommunene og sokn i Den norske kirke» er dette feil. Tenesteytinga er ikkje kjøp av tenester frå kommunen, men kjem i staden for særskilt løyving.

Grunnen til at denne presiseringa er viktig er at kommunen ved tenesteyting tek på seg å yte tenesta uavhengig av kostnad, og at dette er ei oppgåve kommunen er pålagt å dekke gjennom lov- og regelverk.

I kommunen sitt saksframlegget er det skildra ymse tiltak knytt til personal- og økonomiarbeid som kan effektivisere det administrative arbeidet i soknet. Visma fakturabehandling er nyleg innført og har gjort delar av økonomiarbeidet enklare og meir oversiktleg. Ein ser også fram til enklare rutinar for fakturering og personalarbeid, men det er viktig at gevinsten av dette ikkje blir innkassert før tenestene er implementert og fungerer.

Avtaledokumenta blei formelt sendt over frå kommunen til soknet 08.05.24. Fung. kyrkjevevje gav da følgjande tilbakemelding til kommunen:

«Avtalen synest å vere dekkande når det gjeld tenester som Aukra kommune yter soknet pr. i dag. Prissettinga er det vanskeleg for oss å vurdere, men umiddelbart synest beløpet til rekneskapsføring å vere lågt, både i seg sjølv og i høve til revisorkostnadane som vi dekker over eige budsjett.

Så lenge kommunen yter dei avtalte tenestene betyr det likevel mindre, problemet vil først oppstå dersom soknet ønskjer å kjøpe tenestene frå andre. T.d. er vi i samtalar med kyrkjevevja i Molde om eventuelt kjøp av nokre fellesrådstenester derifrå. Men om behovet skulle oppstå får vi heller ta opp avtalen til revisjon.»

Fung. kyrkjevevje finn dermed ikkje tilstrekkeleg grunn til å gå imot avtalen slik han ligg føre. Kommunen har gjort eit godt arbeid ut frå sine føresetnader, og avtalen vil fungere greitt under noverande forhold. Ein vil likevel påpeike at framtidige revisjonar må gjerast i samarbeid med soknet.

Ut frå dette leggast saka fram med følgjande

#### **forslag til vedtak:**

Aukra sokne- og fellesråd sluttar seg til kommunen sitt forslag til revidert tenesteytingsavtale.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, vil rådet ta opp avtalen til ny vurdering.



---

Arkivsak-dok. 23/00853-1  
Saksbehandlar Kine Ulvestad Sætervik

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	23.10.2023	PS-48/23
Kommunestyret	02.11.2023	

---

## Saksframlegg

### Aukra Sokn og Aukra kommune - Avtale om tenesteyting

#### Kommunedirektøren si tilråding:

- Aukra kommune held fram med tenesteyting til Aukra Sokn, som erstattar delar av det årlege tilskotet som blir løyvd til Aukra Sokn for kyrkjelege formål.
- Gjeldande avtale om tenesteyting mellom Aukra Sokn og Aukra kommune stammar frå 1997. Denne blir no revidert for å spegle tenesteytinga sitt faktiske innhald og verdisetting.
- I avtalen som stammar frå 1997 er tenesteytinga verdsett til kr. 30 000 pr. år, pluss kr. 8 000 i kopiering. Verdisetting blir no auka til kr. 205 000 pr. år. Verdi av tenesteytinga vert trekt ut i frå løyve til Aukra Sokn, og netto løyve blir utbetalt med 1/12 av årsbudsjett månadleg.

#### Bakgrunn

Aukra Sokn og Aukra kommune har ein avtale om tenesteyting som er datert 19.12.97. Sjå vedlagt avtale mellom Aukra kommune og Aukra Sokn. Det har lenge vore behov for revidering av avtalen, men på grunn av kapasitetmangel har den ikkje vore teke opp tidlegare.

I følge lov om trus- og livssynssamfunn § 14, andre ledd, skal kommunen gi .. «*tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.*»

Med heimel i lov om trus- og livssynssamfunn § 14, tredje ledd, samt lov om gravplassar, kremasjon og gravferd § 3, andre ledd, kan ein inngå avtale om kommunal tenesteyting i staden for å gje tilskot.

I avtalen frå 1997 om tenesteyting mellom Aukra Sokn og Aukra kommune kjøper Aukra Sokn tenester frå Aukra kommune med ein verdi på kr. 30 000,- pr. år, samt kr. 8000 i kopiering. Denne summen har sporadisk blitt noko regulert i seinare år. Beløpet trekkast ut i frå løyve til Aukra Sokn, og netto løyve blir

utbetalt med 1/12 av årsbudsjett månedleg.

## **Utviklingsarbeid**

Dei siste åra er det lagt til rette for meir digital og effektivt arbeid med rekneskap og løn. Dagleg leiar ved Aukra Sokn har til ei kvar tid moglegheilt til å gjere oppslag i økonomi og ta ut rapportar via Visma Enterprise web. Det er lagt til rette for føringar via ebilag, remittering av utbetalingar via AutoPay og lønstimeføring via web.

Under arbeid:

Behandling av faktura går no via ebilag. Det er eit ynskje at dette skal flyttast over til Visma fakturabehandling, same løysing som Aukra kommune nyttar seg av. Behandling av faktura gjennom Visma fakturabehandling legg til rette for at Aukra Sokn kan ta i mot faktura i EHF-format. Fakturaene kjem da inn til eit mottak som administrerast av Aukra kommune. Aukra kommune legg til rette for profilar med ferdig utfylt kontering der det er mogleg. Faktura sendast vidare i saksgang for kontering, attestering og tilvisning og havnar til slutt i eit kontrollsteg. I kontrollsteget blir faktura kvalitetsikra av rekneskapsfører i Aukra kommune for blant anna kontering og riktig mva-kode. Kontrollsteget legg til rette for å enkelt kunne sende faktura tilbake til saksbehandlar med tilbakemelding dersom noko må endrast.

Framtidig utviklingsarbeid:

I dag skjer all utfakturering frå Aukra Sokn frå system som ikkje er integrert til Visma Enterprise Økonomi. Det vil seie at fordring ikkje er registrert i økonomisystemet og innbetalingar vert ført manuelt. For å arbeide meir effektivt med fordringar og for å få rekneskapen mest mogleg fullstendig hadde det vert fordelaktig om ein la til rette for utfakturering og automatisk registrering av innbetalingar via same faktureringsløysingar som Aukra kommune nyttar. Det tilrettelegg også for eventuell rutine for purring. Dette gjeld fakturering av konfirmantavgift og utleige av kyrkjelydshuset, samt festeavgift for gravsted. Fakturering for festeavgift må løysast på anna måte da programmet Ecclesia, som er spesielt tilrettelagt for festeavgift, vert nytta og er foretrukken vidare. Integrasjon til Visma Økonomi er likevel mogleg.

Dei digitale løysingane som er under utvikling vil kreve meir ressursar frå Aukra kommune, men vil til gjengjeld lette arbeidet for Aukra Sokn. Det vurderast som hensiktsmessig for å kunne arbeide så digitalt og effektivt som mogleg.

## **Vurdering**

Innhaldet og verdsetting av avtalen om tenesteyting mellom Aukra Sokn og Aukra kommune bør reviderast for å spegle dagens faktiske praksis og kostnad. Foreslått verdsetting er basert på samanlikning med andre kommunar som utførar liknande tenesteyting, samt generelle prisar for rekneskapsføring. Vintervedlikehald er utrekna av Tekniske tenester på grunnlag av kostnad dei fem siste åra.

Følgande tenesteyting vert foreslått:

1. Aukra kommune påtek seg å føre rekneskap og utføre lønsutbetalingar for Aukra Sokn. Dette inkluderer og:

- Vedlikehald av grunndata
- Administrering av brukartilgangar til Visma Enterprise
- Kvalitetsikring og postering av føringar via ebilag
- Rådgivning i økonomi og lønssaker

- Bankavstemming
- Oppfølging av sjukerefusjon
- Årsoppgjer
- Bistand til rapportering av lønns- og personalstatistikk til KA, kirkens arbeidsgiverorganisasjon
- A-meldingar

2. Aukra kommune skal gjennom sine anbod på vintervedlikehald halde all brøyting og strøing på offentlege parkeringsplassar hjå kyrkja og kyrkjelydshuset.

3. Aukra kommune påtek seg å levere IKT-nettverk. Dette gjeld nettverk som Aukra kommune nyttar seg av, og gjeld ikkje system som Aukra Sokn sjølv brukar eller inngår avtale om. Gjeld lisensar, tilgangsstyring til fagsystem, opplæring og tilrettelegging m.m.

Aukra Sokn har arbeidsgjevaransvar for kyrkjelege tilsette. Dette inneber utlysing av stillingar, fastsetting av arbeidsvilkår, løningar, pensjons- og forsikringsvilkår elles.

Aukra Sokn er ansvarleg for forsikring av bygningar, anlegg og utstyr, samt andre naudsynte ansvarsforsikringar.

Aukra Sokn er ansvarleg for utarbeiding av budsjett.

Kommunen og Aukra Sokn må i fellesskap legge opp rutinar som ivaretek kommunen sine behov for planlegging, budsjettering og rapportering, samt at Aukra Sokn får naudsynt tid til behandling i sine organ.

Aukra kommune har samanlikna verdsetting med andre kommunar og foreslår følgande verdsetting av tenestar:

Teneste	Pris
Rekneskapsføring	Kr. 73 000
Lønsutbetalingar	Kr. 52 000
Vintervedlikehald av offentlege parkeringsplassar v/Kyrkja	Kr. 60 000
IKT-nettverk	Kr. 20 000
<b>Total</b>	<b>Kr. 205 000 årleg</b>

Dette er prisar for år 2023 som deretter vil bli auka årleg med gjeldande kommunal deflator.

Dersom det av særlege årsaker blir nødvendig å bruke ekstra ressursar/arbeidstimar ut over det normale, kan kostnaden trekkjast frå løyve til Aukra Sokn med tilsvarande beløp. Dette kan til dømes vere ved særleg høg aktivitet, store investeringsprosjekt eller ved manglande/etterslep av leveranse frå Aukra Sokn.

**Administrative konsekvensar**

Ingen

**Folkehelsekonsekvensar**

Ingen

**Klima- og miljøkonsekvensar**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar**

Aukra kommune held fram med å gje årleg tilskot til Aukra Sokn for kyrkjelege formål, der delar av løyvinga er erstatta med tenesteyting. I avtalen som stammar frå 1997 er tenesteytinga verdsett til kr. 30 000 pr. år, pluss kr. 8 000 i kopiering. Verdsetting blir no auka til kr. 205 000 pr. år.

Verdi av tenesteytinga vert trekt ut i frå løyve til Aukra Sokn, og netto løyve blir utbetalt med 1/12 av årsbudsjett månadleg.

Erna Lovise Varhaugvik  
Økonomisjef

Gerd Marit Langøy  
Kommunedirektør

**Særutskrift**

Aukra Sokn

**Vedlegg**

Avtale mellom Aukra kommune og Aukra Sokn 19.12.1997



# Avtale om tenesteyting mellom Aukra Sokn og Aukra kommune

Avtale gjeld tenesteyting frå Aukra kommune til Aukra Sokn.

Viser til Lov om trus- og livssynssamfunn § 14, tredje ledd der det blir beskreve at kommunen etter avtale med soknet kan yte teneste i stedet for å gi tilskot etter andre ledd.

## **Innhald i tenesteytinga**

Aukra kommune påtek seg å føre rekneskap og utføre lønsutbetalingar for Aukra Sokn. Dette inkluderer og:

- Vedlikehald av grunndata
- Administrering av brukartilgangar til Visma Enterprise
- Kvalitetsikring og postering av føringar via ebilag
- Rådgivning i økonomi og lønssaker
- Bankavstemming
- Oppfølging av sjukerefusjon
- Årsoppgjer
- Bistand til rapportering av lønns- og personalstatistikk til KA, kirkens arbeidsgiverorganisasjon
- A-meldingar

Aukra kommune skal gjennom sine anbod på vintervedlikehald halde all brøyting og strøying på offentlege parkeringsplassar hjå kyrkja og kyrkjelydshuset.

Aukra kommune påtek seg å levere IKT-nettverk. Dette gjeld nettverk som Aukra kommune nyttar seg av, og gjeld ikkje system som Aukra Sokn sjølv brukar eller inngår avtale om. Gjeld lisensar, tilgangsstyring til fagsystem, opplæring og tilrettelegging m.m.

Aukra Sokn har arbeidsgjevaransvar for kyrkjelege tilsette. Dette inneber utlysing av stillingar, fastsetting av arbeidsvilkår, løningar, pensjons- og forsikringsvilkår elles.

Aukra Sokn er ansvarleg for forsikring av bygningar, anlegg og utstyr, samt andre naudsynte ansvarsforsikringar.

Aukra Sokn er sjølv ansvarleg for utarbeiding av budsjett.

Kommunen og Aukra Sokn må i fellesskap legge opp rutinar som ivaretek kommunen sine behov for planlegging, budsjettering og rapportering, samt at Aukra Sokn får naudsynt tid til behandling i sine organ.

### Verdsetting av tenesteytinga

Aukra kommune har samanlikna verdsetting med andre kommunar og har kome fram til følgande verdsetting av tenestar:

Teneste	Pris
Rekneskapsføring	Kr. 73 000
Lønsutbetalngar	Kr. 52 000
Vintervedlikehald av offentlege parkeringsplassar v/Kyrkja	Kr. 60 000
IKT-nettverk	Kr. 20 000
<b>Total</b>	<b>Kr. 205 000 årleg</b>

Dette er prisar for år 2023 som deretter vil bli auka årleg med gjeldande kommunal deflator.

Dersom det av særlege årsaker blir nødvendig å bruke ekstra ressursar/arbeidstimar ut over det normale, kan kostnaden trekkjast frå løyve til Aukra Sokn med tilsvarande beløp. Dette kan til dømes vere ved særleg høg aktivitet, store investeringsprosjekt eller ved manglande/etterslep av leveranse frå Aukra Sokn.

### Avtalen si varigheit

Avtalen er trer i kraft frå 01.01.2024 og kan seiast opp frå begge partar med 6 månads varsel.

Aukra Sokn

Max Ingar Mørk  
Kyrkjevevje (vikar)

Aukra kommune

  
Gerd Marit Langøy  
Kommunedirektør



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 34/24 Høyring – Beredskapsplan for Møre bispedøme**

*Teksten bygger på kyrkjeverja i Molde sitt saksframlegg til Molde kyrkjelege fellesråd.*

Møre bispedømmeråd har sendt forslag til plan for beredskap ved alvorlege hendingar i bispedømmet på høyring. Planen er ein revisjon av tilsvarande plan frå 2018, som da hadde tittelen «Plan ved ulykker og katastrofer».

Det er hovudsakleg tre grunnar til at planen blir revidert:

1. Det er behov for ein heildigital plan, til nettbasert bruk – som lett lar seg oppdatere og revidere.
2. Corona-pandemien har vist at vi treng betre rutinar for å handtere alvorlege hendelsar i eigen organisasjon.
3. Det er ønskeleg å etablere gode rutinar for kriseleiing på prostnivå der samarbeidet mellom prost og kyrkjeverje er ein nøkkel.

Forslaget til revidert plan er vedlagt.

Planen er meint å tydeleggjere kven som har ansvar for å ta initiativ til og følgje opp kyrkja sitt arbeid i samband med kriser og alvorlege hendingar i lokalmiljøet og innover i eigen organisasjon, og skal vise nødvendige samarbeidslinjer på tvers av organisasjonane.

#### **Kven gjer kva – ved ei alvorleg hending:**

Biskop, stiftsdirektør	Set krisestab ved bispekontoret ved alvorlege hendingar i Møre bispedøme. Biskopen deltek i beredskapsrådet til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og har tett dialog med LRS-prest og politiet.
Prost (sokneprest) (kyrkjeverje)	Set krisestab i den lokale kyrkja ved alvorlege hendingar i ei kommune/prosti. På vegne av prosten kan kyrkjeverje eller sokneprest sette krisestab. Har dialog med kommunalt kriseteam.
LRS-prest	Deltek i Politiet sin krisestab som DnK sin representant. Involverer tilsette i lokalkyrkja og er bindeledd mellom politiet og DnK. Kallar ut kyrkjeleg personell til mottakssentra for pårørande og skadde

	(1 Etter fullmakt frå biskop og kyrkjevevje, avklart i eigen avtale.)
Prost og kyrkjevevje	Sikrar kyrkjeleg bemanning til dagleg drift (gudstenester og andre kyrkjelege tenester) Føl opp tilsette før, under og etter krisa.
Kantor, diakon, kateket, kyrkjjetenar, med fleire.	Deltak i lokal krisestab etter behov og medverkar i handtering av den alvorlege hendinga med sine ulike kompetansar.

### Omsyn og vurderingar dei ansvarlege må ta:

- Vurder kva DnK lokalt kan tilby i form av personell til å møte menneska som er ramma, open kyrkje, evt. andre samlingslokale.
- Ver nøktern i forhold til kva de kan tilby i form av personell, lokale og samlingar av typen «open kyrkje».
- Vurder behov for å gå ut med informasjon i media. Avklar med LRS-prest/politi dersom ein er i tvil.
- Ivareta eigne tilsette.
- Juster tiltak etter utvikling og i dialog med politi/kriseteam/LRS-prest.

### Ansvaret til kriseleiinga definerast slik:

- Etablere og vedlikehalde kontakt med den offentlege kriseleiinga (politi, statsforvaltar, LRS-prest) for å få oversikt over kva som har hendt og avklare behovet for kyrkja sine tenester.
- Legge ein plan for DnK si handtering av hendinga, og skaffe seg oversikt over eigne tilsette, og eigne ressursar for å møte det som har hendt.
- Trygge og støtte eigne tilsette som tek del i feltarbeidet – så dei veit kvar dei skal vende seg for å få avlastning og vegleiing.
- Kommunisere ut gjennom media om DnK sine tilbod i form av «open kyrkje», samtale og sjelesorg, minnegudstenester og liknande. Det ligg mykje omsorg i god kommunikasjon.
- Kriseleiinga bør ha låg terskel for å kalle saman til nye møter. Ei alvorleg hending kan utvikle seg i mange retningar og det er derfor nødvendig å revurdere planar heile tida.
- God og hyppig kommunikasjon ut til eigne tilsette er god personalomsorg.

### Vurdering

Planen opplevast som ein god reiskap for felles handtering av alvorlege kriser. Han gir tydeleg oversyn over kven som tar og har ansvar i samband med kriser. Dette er viktig slik at oppfølginga ikkje blir hinda unødig som følgje av uklårheit om dette. Planen opplevast likevel fleksibel slik at det ikkje stopper opp om en person ikkje er tilgjengeleg, og presiserer i slike tilfelle at dei andre partane skal orienterast om at arbeidet er sett i gong.

Planen opnar for at personell kan disponerast på tvers av arbeidsgivarlinene. Dette kan være ei utfordring, men det opplevast slik at planen set greie og føreseielege rammor for dette og tek i vare naudsynt kommunikasjon mellom leiarar. I oppfølging av planen er det viktig at det blir orientert tydeleg om desse rammene internt slik at heile arbeidsfellesskapet vil og kan bidra til å løyse krisa på best mogleg måte sjølv om leiar i egen organisasjon ikkje er tilgjengeleg.

Døme på kriser som er skildra i vedlegg til planen gir gode høve til å øve og førebu eigen organisasjon på ulike scenario som kan oppstå.

**Framlegg til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd støttar Møre bispedømmeråd sitt forslag til revisjon av beredskapsplan for alvorlege hendingar.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 35/24 Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023**

Vedlagt følger forslag til årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023 (sjå eige vedlegg).

Årsmeldinga er utarbeidd i medhald av § 12 i *Kirkeordning for Den norske kirke*, som seier at soknerådet kvart år skal gi soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet.

Årsmeldinga oppfyller samtidig krava i § 12 i *Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke* om Årsregnskap og årsberetning. Årsmelding og rekneskap må signerast av leiar og dagleg leiar i SFR.

Aukra SFR godkjente rekneskapen for 2023 i møte 07.03.2024 – sak 12/24. I ettertid har revisor kome med to merknadar:

- Kr. 792 000 overført frå driftsrekneskapen til brannsløkkingsanlegget i kyrkja må førast både i rekneskapen og budsjettet for 2023.
- Under *investering – prosjekter* må budsjett og rekneskap for brannsløkkingsanlegget vise oppdaterte tal for 2023, høvesvis kr. 3 100 000 og kr. 3 386 681. (Opphavelig rekneskap viste tala frå 2022)


Rekneskapsfører har retta opp dette, og den reviderte rekneskapen er teken inn i årsmeldinga. Endringa gjer at SFR må vedta rekneskapen på nytt.

Kyrkjeordninga § 12, 7. ledd, seier at soknerådet kvart år skal gi soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet. Årsmeldinga er det formelle dokumentet for denne orienteringa, og vil bli lagt fram for kyrkjelyden sitt årsmøte etter gudstenesta i Aukra kyrkje søndag 16. juni 2024.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra sokne- og fellesråd godkjenner vedlagte *Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023*.

Den reviderte rekneskapen for 2023 godkjennast.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 36/24 Rapportar frå dei nyvalde komitéleiarane**


I møte 18.04.2024, sak 27/24, sette Aukra sokneråd ned følgjande utval med tilhøyrande leiarar/kontaktpersonar frå soknerådet:

- Trusopplæringsutval – Erlend
- Gudstenesteutval – Edvin Magne
- Diakoniutval – Kari
- Kyrkjemusikkutval – Rune
- Bygg, gravplass – Anne Berit
- Interiør og liturgisk utstyr – Britt Karin
- Frivillig- og rekrutteringsutval – Janne
  - Særleg fokus på aktivitet i Julsundet – Marta Kristin
- Misjonsutval + KN-kontakt – Kari, Anne Berit (KN)
- PR-avdeling: Informasjonsutval (kyrkjeblad + digitale flater) – Per Arne
- HMS-koordinator – Hans Kristian

Kontaktpersonane fekk fullmakt til å rekruttere fleire personar inn i sine utval og gjerne utforme forslag til mandat for utvalet som seinare kunne leggjast fram for soknerådet til godkjenning.

For å skape engasjement og framdrift var det semje om å ha ein fast post på SFR-møta der dei som hadde noko å melde kunne gi ein kort rapport om arbeidet innan sitt ansvarsområde.

Ordet er fritt!



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 37/24 Korleis auke oppslutninga om kyrkja? Innspel frå Per Arne Rindarøy**

I ein e-post 28.04.2024 har Per Arne Rindarøy kome med følgjande innspel:

Erlend og jeg hadde en samtale der vi diskuterte oppslutningen om kirken og muligheter for å fremme interesse rundt arrangement. Jeg kunne tenkt meg at vi diskuterer dette i neste møte.

Konkret så tenker vi for eksempel å invitere Linn Skåber til 300-års jubileet for Påskeliljemarka, der tanken var at hun deltar på dagtid, samt i Gudstjenesten. Vi tror hun kunne være et trekkplaster for å få større blest om arrangementet.


En annen ting vi diskuterte for å engasjere mer ungdom, var om vi sammen med motorkrossmiljøet i kommunen skulle arrangere et treff der vi inviterte programlederen fra programmet Bromm, Jan Erik Larsen, som trekkplaster.

Slike arrangement vil selvfølgelig koste en del, men jeg tror at vi sammen med kommunen og næringsliv kunne laget en flott ramme rundt dette.

Slik vi ser det er det viktig at kirken er til stedet der unge er engasjert.

Per Arne er invitert til å orientere nærare om desse ideane og drøfte dei med soknerådet.





**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 38/24 Deltaking på Aukradagen 15.06.24 - planlegging**

Aukradagen blir arrangert laurdag 15. juni kl. 10.00 – 16.00 på Aukra kulturhus.


AU tok opp eventuell deltaking på sitt møte 2. mai og meinte bestemt at kyrkja bør vere med. Soknerådet må definere nærare kva ein vil oppnå – kva som er målet – med å delta. Det bør vere noko meir enn å steike vaflar.

Forslag til aktivitetar: Informere om arbeidet vårt. Dele ut bok til 4-åringar og salmebok til 11-åringar. Gjerne samarbeide med det frivillige kristne arbeidet: Ving, KRIK Julsundet/Gjendem, Barnespel og søndagsskolen. Soknet kan dekke deltakaravgift, telt etc.

AU fordelte oppgåvene slik:

- Fung. kyrkjeverje melder soknet på Aukradagen innan fristen 16. mai, og tingar telt på 3 x 6 meter og straumuttak på 2400 W. *Dette er i orden.*
- Marta Kristin kontaktar KRIK Julsundet/Gjendem og inviterer til felles deltaking og markering.
- Erlend kontaktar Ving, Barnespel og søndagsskolen.

Soknerådet må ta saka vidare og planlegge konkrete innslag og aktivitetar.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 39/24 Tilbod om å arrangere Country helaften i Aukra hausten 2024**

Det ligg føre tilbod frå Anette Stranden om å arrangere ein Country helaften i Aukra kyrkje og kyrkjelydshus hausten 2024. Arrangementet har ei kostnadsramme på kr. 79 000,- som soknerådet eventuelt må garantere for. For å gå i balanse krev det sal av 226 einskildbilletter à kr. 350,-. Alternativt kan ein prøve å få inn sponsormidlar eller selje billett-pakker til lokale bedrifter.

AU meinte det var urealistisk med så stort billettsal og at marknaden for sponsormidlar og sal til bedrifter var for lite i Aukra eller kravde for stor innsats. Soknerådet ville kunne risikere å sitte att med ei rekning på 30-40 000 kr. AU mente det var for stor risiko å ta for denne typen arrangement, som ikkje direkte fell inn under soknerådet sine satsingsområde.

AU kom derfor med følgjande

#### **forslag til vedtak:**

Aukra sokneråd finn å måtte seie nei til tilbodet om å arrangere Country helaften i Aukra. Ein vurderer publikumsgrunnlaget som for lite og den økonomiske risikoen som for stor til å kunne gå inn for arrangementet på dei gitte vilkåra

Fra: [anettenett@gmail.com](mailto:anettenett@gmail.com)

Dato: 4. februar 2024 kl. 19:09:13 CET

Til: "Risung, Kristian Finn" <[kristian.finn.risung@aukra.kommune.no](mailto:kristian.finn.risung@aukra.kommune.no)>

Emne: Country Helaften til Aukra kyrkje

## ***Til soknerådet i Aukra kyrkje***

Høsten 2023 hadde Røbekk kirke en ny opplevelse i form av en helaften, som engasjerte artister til en uforglemmelig konsert, samt frivillige i det lokale menighetsrådet og Programkomiteen der.

Kirken ble utsolgt for billetter dagen før, og vi opplevde en stor suksess på alle fronter. Nå i februar 2024 er vi også klar for Vågøy kyrkje, mens andre kirker i Midt-Norge har også vist interesse.

Vi kaller konseptet for **COUNTRY HELAFTEN**.

På grunn av stor pågang fra publikum om ekstrakonsert i konseptet, ønsker jeg å søke om et samarbeide med Aukra kyrkjes sokneråd og/eller konsertutvalg - til å være vertskap for en konsert 2024.

Country som musikkgenre er spesifikt valgt som en type musikk som engasjerer flere målgrupper og alder i publikum, og som bidrar til et løft innen visjonen kirke & kultur.

Repertoaret er også valgt av samme grunn. Det skal nå ut til flere alders – og samfunnsgrupper.

Det er folkekjære nasjonale artister med lokal tilknytning, og som samler publikum fra flere nabokommuner. Noen av artistene jobbet også sammen i Fire & Rain turnèen som besøkte flere av kommunens kirker.

De er kjent for å trekke fulle hus hver gang. Artistene er håndplukket for dette konseptet pga deres popularitet med LIVE-musikk.

**Lars Egil Vågseter – steelgitar**

**Andrè Gussiås – vokal og 2 keyboards**

**Mats Nerli – vokal og 2 gitarer + banjo**

**Rolf Erik Nustad - vokal og gitarer**

**Hallgeir Solli – vokal og gitarer**

**Magne Furuseth – vokal og gitar**

Repertoaret spenner fra sanger i countrymusikkens historie og til salmer inspirert fra Elvis Presley sin gospelalbum, til Vince Gill, Glenn Campbell, Randi Travis, osv.

Legenden Lars Egil Vågseter er en av Europas beste steelgitarister med en karriere som spenner seg både nasjonalt og internasjonalt.

Han fremfører bl.a «The Old Rugged Cross» til stående applaus.

Sokneprest Magne Furuseth er gjesteartist og deltar på en serie salmer som «Nærmere Deg Min Gud», «All To Jesus I Surrender», m.m.

Til sammen ble dette en STOR publikumshit.

Det er heller ikke hverdagskost at et profesjonelt band inkluderer en sokneprest! Men, begge har hver sine tilhenger-skarer og fyller kirken med mangfold.

### **Konserten varer ca 1,5 time.**

Det som gjør **COUNTRY HELAFTEN** til noe helt særegent, er vår idé om publikumspleie.

Etter konserten ønsker vi å aktivere sokneråd og frivillige til å by på sosial mingling med artistene og få oppleve mat & drikke.

Erfaringene vi har er: sokneråd og andre frivillige setter i gang en frivillig kakebakeliste + påsmurte rundstykker e.l., som venter publikum rett etter konserten. Publikum og artister inviteres til kyrkjelydhuset deres, og der inne kan dere skape inntektskilder osv.

Menighetsrådet i f.eks Røbekk, hadde også et loddsalg som brakte inn 14.500,- kr i deres kirkesenter.

Det skaper positiv blest om kirken og mulighetene vi har der. Men det viktigste; vi engasjerer et aktivt kirkeliv.

Dette kun til eksempel, men mange andre muligheter til samarbeide og publikumspleie kan diskuteres som passer enda bedre lokalt for dere.

I praksis blir det undertegnede som vil være konsertansvarlig og står for PR utenom kirkens egne plattformer, og menighetsrådet har ansvaret for forhåndssalg av billetter enten digitalt via f.eks egen Hoopla-konto, eller en Vippsansvarlig. Forhåndssalg er svært viktig, da dette er vår kilde til forutsigbarhet. Videre vil vi være en aktiv del av oppfølging, tilrettelegging, samarbeide og kontakt med sokneråd, frivillige, artiststue, osv.

Det delegeres oppgaver etter ønske til dere.

Deres ansvar vil være å skaffe frivillige til å lage mat til publikum og betjening etter konserten som kaffekokere, registrere gjestene utfra lister med forhåndssalg ved billettskranken i våpenhuset.

Samt kirkekontoret som må være behjelpelig med distribuering av plakater og administratorene for kirkens nettside og sosiale medier må legge ut innlegg og lage arrangement på Facebook i forkant.

### **KOSTNADER & INNTEKTER:**

Vi følger satser fra CREO med hensyn til artistenes honorar. Honorarene dekker felles øving, egen øving og konserten for 6 musikere.

Lyd & Sceneproduksjon står for alt teknisk og bemanning under konserten.

Vi bruker ikke oppbygd scene.

Artistenes honorar, 6 stk: totalt kr 55.000,-

Lyd & Sceneproduksjon totalpakke inkludert prosjektrabatt: kr 23.056,80

PR-material (plakat, annonse, bilder etc til sosiale medier): Kr 1000,-

Totalkostnad: Kr 79.056,80

Billettsalg: kr 350,- pr billett

Max kapasitet i kirkerommet: 300

Antall billetter til salgs: f.eks 250

Inntekt full kirke, 250 stk: kr 87.500,-

Minimum antall solgte billetter for å gå i balanse: 226 stk.

NB:

Inntekter og utgifter varierer utfra hvor stor sponsormidlene blir, og hvilke aktiviteter dere kan lage for publikum ifht salg.

#### **PR:**

Vi har et godt tilbud fra 2023 på en ½ sides annonse i papirutgaven av Romsdals Budstikke til redusert pris: Kr 3990,- eks mva.

Digital annonse med 30.000 visninger i en gitt periode: Kr 3990,- eks mva.

Det blir min jobb å skaffe sponsorer til dette og legges utenom budsjett ovenfor.

NB: Det er viktig at soknerådet prøver lykken ved å søke **Møre Bispedømme om vekstmidler** til denne helaftenen. Det skjer på gitte tidspunkt i året, og mer informasjon om dette finnes på MB egen nettside.

De har stilt seg svært velvillig til å støtte disse konsertene.

Jeg søker herved konsertutvalget/soknerådet om å stå som økonomisk garantist for prosjektet, og sammen med oss skape en stor fest i Nesset.

Alt overskudd går selvsagt til dere.


Ta gjerne kontakt for mer info, eller en uforpliktende samtale.

Beste hilsener fra

**Anette Stranden**

*Konsertansvarlig*

Mobil: 92211226




**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 40/24 Referat- og orienteringssaker**  
**Sak 40/24-1 Referat frå møte i AU 02.05.2024**



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976 997 654

### MØTEREFERAT

**Utval: AU i Aukra SFR**

**Møtedato: 2. mai 2024**

**Møtetid: 18.05 – 20.25**

**Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset**

**Desse møtte:** Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

Møtet blei leia av Erlend Melby.

#### **Desse sakene blei behandla:**

#### **AU-sak 40/24 Oppfølging av fellesrådssak om samarbeid med Molde kyrkjelege fellesråd**

SFR vedtok i sak 24/24 å be kyrkjeverja i Molde om hjelp til å skaffe kontor til gravferder og nokre gudstenester. SFR vedtok samtidig å utsette spørsmålet om utlysning av trusopplærar og kyrkjeverje/sekretær til møtet i mai. Vedtaket var sendt til kyrkjeverja i Molde, som hadde meldt tilbake at han ville følgje opp saka derifrå.

I eit arbeidsgivarmøte 30.04.24 mellom domprosten og kyrkjeverjene i domprostiet hadde kyrkjeverja i Molde opplyst at den eine domkantoren hadde fått innvilga redusert stilling slik at Molde hadde mindre ledig kantorressurs. Dei ville likevel prøve å hjelpe Aukra etter evne.

AU konkluderte med at Aukra framleis er interessert i hjelp frå Molde og vil sende over gudstenestelista dit – og til Robert Coates – med spørsmål om kva for gudstenester dei eventuelt vil kunne dekke framover. Når det gjeld gravferder vil ein avklare med Nils L. Sæther om vi klarer å dekke behovet sjølv eller framleis ønskjer hjelp frå Molde.

I møtet 30.04 hadde kyrkjeverja i Molde føreslege å lage ei samla utlysning til hausten av ledige kyrkjelege stillingar i heile Romsdal. AU ville gjerne vere med på dette, men ville i tillegg føreslå for fellesrådet ei ekstra utlysning før sommaren av kontor- og trusopplærarstillingane. AU bad fung. kyrkjeverje om å førebu utlysningstekstar til neste møte i SFR.

#### **AU-sak 41/24 Årsmelding og rekneskap for Aukra sokn 2023**

Fung. kyrkjeverje sitt forslag til årsmelding og rekneskap blei gjennomgått. Revisor hadde kome med ein merknad til rekneskapen som vil bli retta opp før årsmeldinga leggst fram for SFR. Revisor hadde også kommentert at årsmeldinga må underteiknast av leiar og fung. kyrkjeverje. AU slutta seg elles til årsmeldinga slik ho var framlagt.

**Innstilling frå AU:** Aukra SFR godkjenner årsmelding og rekneskap for Aukra sokn for 2023.

### **AU-sak 42/24 Planlegging av kyrkjelyden sitt årsmøte**

Opphavleg var årsmøtet fastsett til 2. juni, men sidan gudstenesta den dagen er flytta til 26. mai pga. gullkonfirmantane, fann AU det vanskeleg å ha årsmøte same dag.

**Vedtak:** Årsmøtet utsettast til 16. juni, etter gudstenesta i Aukra kyrkje.

### **AU-sak 43/24 Gullkonfirmantane 26. mai**

Soknerådet er vertskap. Fordi SFR-møtet ikkje er før 23. mai, måtte AU organisere dugnadsgjeng til å ordne servering (sodd) og evt. program.

**Konklusjon:** Marta Kristin melde seg som frivillig. Erlend tek kontakt med Anne Berit og evt. andre med spørsmål om å hjelpe til.

### **AU-sak 44/24 Tilbod om å arrangere Country helafte i Aukra hausten 2024**

Det låg føre tilbod frå Anette Stranden om å arrangere ein Country helafte i Aukra kyrkje og kyrkjelydshus hausten 2024. Arrangementet har ei kostnadsramme på kr. 79 000,- som soknerådet eventuelt må garantere for. For å gå i balanse krev det sal av 226 einskildbilletter à kr. 350,-, alternativt at ein får inn sponsormidlar eller klarer å selje billett-pakker til lokale bedrifter.

AU meinte det var urealistisk med så stort billettsal og at marknaden for sponsormidlar og sal til bedrifter var for lite eller kravde for stor innsats. Soknerådet ville kunne risikere å sitte att med ei rekning på 30-40 000 kr. AU mente det var for stor risiko å ta for denne typen arrangement, som ikkje direkte fell inn under soknerådet sine satsingsområde.

**Innstilling frå AU:** Aukra sokneråd finn å måtte seie nei til tilbodet om å arrangere Country helafte i Aukra. Ein vurderer publikumsgrunnlaget som for lite og den økonomiske risikoen som for stor til å kunne gå inn for arrangementet på dei gitte vilkåra

### **AU-sak 45/24 Deltaking på Aukradagen laurdag 15. juni**

AU meinte bestemt at kyrkja bør vere med på Aukradagen. Soknerådet må nærare definere kva ein vil oppnå – kva som er målet – med å delta. Det bør vere noko meir enn å steike vaflar.

**Forslag til aktivitetar:** Informere om arbeidet vårt. Dele ut bok til 4-åringar og salmebok til 11-åringar. Gjerne samarbeide med det frivillige kristne arbeidet: Ving, KRIK Julsundet/Gjendem, Barnegospel og søndagsskolen. Soknet kan dekke deltakaravgift, telt etc.

**Vedtak:** Fung. kyrkjevevjerje melder soknet på Aukradagen innan fristen 16. mai. Ein tingar telt på 3 x 6 meter og straumuttak på 2400 W.

Marta Kristin kontaktar KRIK Julsundet/Gjendem og inviterer til felles deltaking og markering. Erlend kontaktar Ving, Barnegospel og søndagsskolen.

### **AU-sak 46/24 Sommarvikarar på kyrkjegarden sommaren 2024**

Det er behov for å engasjere to ungdommar til å klippe gras + ein til å male gjerde etc. på kyrkjegarden i sommar. Dei bør vere over 16 år for å kunne køyre grasklippar utan tilsyn av vaksne. Vi får ikkje lyse ut jobbane saman med kommunen, men må lyse dei ut sjølv.



**Vedtak:** Fung. kyrkjeverje utarbeider utlysingstekst for sommarjobbane med søknadsfrist og andre vilkår. Publisering på eiga heimeside + Facebook-sidene Hva skjer på Gossen og Hva skjer i Julsundet.

#### **AU-sak 47/24 Reparasjon og vedlikehald av vindauga i kyrkja sommaren 2024**

Det blei i 2023 laga ein rapport av Byggtrad Løvoll AS i Volda med tilstandsvurdering og skildring av reparasjons- og vedlikehaldsbehov på vindauga i kyrkja. Løvoll har kalkulert arbeidet til kr. 101 430 inkl. mva. Sjølv med tillegg av stillaskostnadar, følgjekostnadar og ikkje føresette kostnadar, vil arbeidet ligge godt under terskelverdien på kr. 1,3 mill. for utlysing av arbeidet på Doffin-databasen. *Lov om offentlige anskaffelser* gjeld likevel når anskaffinga har ein anslått verdi på kr. 100 000 eller meir eks. mva. Da er hovudregelen at det må gjennomførast konkurranse for å oppnå best mogeleg pris og kvalitet.

Ut frå dette tilrådde fung. kyrkjeverje å velje ei entreprisform der 3-4 snekker- og målarfirma med kulturminnefagleg kompetanse og erfaring inviterast til å kome med tilbod. Aktuelle firma kan vere Dør- og vindusvern, Vigra, Odd Arve Orten, Orten og Angvik Grytnes entreprenør.

**Vedtak:** AU sluttar seg til kyrkjeverja si tilråding om entreprisform for gjennomføring av reparasjon og vedlikehald av vindauga i kyrkja sommaren 2024.

#### **AU-sak 48/24 Kyrkjebladet – evt. bytte av trykkeri og anskaffing av fleire annonsørar**

Kyrkjebladet har i dag avtale med EKH Grafisk i Molde om oppsett og trykking av bladet. Prisen er om lag kr. 28 000 for 12 sider og kr. 34 000 for 16 sider pr. nummer eks. mva. I tillegg kjem porto/distribusjon på om lag kr. 6 000 pr. nummer.

Gjennom NorEngros har bladet fått eit tilbod frå ETN Grafisk i Skien/Oslo om oppsett og trykking på om lag kr. 14 000 for 16 sider i fullfarge pr. nummer eks. mva. I tillegg kjem distribusjon gjennom Bypost, som er noko billegare enn Posten. Redaksjonen v/Svein Løwe ønskjer at SFR tek stilling til eventuelt skifte av trykkeri.

ETN Grafisk har sendt døme på kyrkjeblad dei trykker. Ein vil også hente inn referansar frå kyrkjelydar som brukar dei.

**Vedtak:** AU vedtek å prøve ut tilbodet frå ETN Grafisk på trykking og distribusjon av Kyrkjeblad for Aukra.

#### **AU-sak 49/24 Besøk av prestane i Domprostiet**

Onsdag 5. juni skal prestane i Domprostiet på tur til Sandøya og Aukra. Sokneprest Kristian vil ordne eit enkelt middagsmåltid på returen, samt vise kollegaene prestegarden og avslutte med ei enkel gudsteneste i kyrkja. Det er forventa at 10-14 personar blir med. Kristian ser gjerne at også kyrkjelyden er vertskap og kan bidra på ein eller annan måte.

**Konklusjon:** Leiar og nestleiar er forhindra pga. arbeid, men Kristian spør nokon andre i soknerådet eller andre frivillige om å hjelpe til med maten. Soknerådet spanderer maten.

#### **AU-sak 50/24 Tro og medier – spørreundersøking**

Organisasjonen Tro og Medier har sendt brev til kyrkjelydsleiarar med førespurnad om dei vil bidra til å spreie ei spørjeundersøking om kristne si haldning til og bruk av pornografi.

Etter ei kort drøfting gjorde AU slikt

**Vedtak:** Aukra sokneråd v/AU finn ikkje å ville prioritere spørjeundersøkinga til Tro og Medier.

#### **AU-sak 51/24 Korleis følgje opp dei nyvalde komiteane i soknerådsmøta?**

**Vedtak:** Det blir innført ein fast post på soknerådsmøta der komitéleiarane får høve til å gi ein kort rapport om arbeidet.

#### **AU-sak 52/24 Stenging av kontantautomaten til Sparebanken Møre på Gossen**

Marta Kristin refererte ei melding frå Sparebanken Møre om at kontantautomaten på Gossen blir stengt frå 1. juni pga. lite bruk. I staden blir det høve til å sette inn inntil kr. 20 000 i kontantar på Spar Aukra.

Soknet brukar regelmessig kontantautomaten til å sette inn kontantar frå offer i kyrkja, men AU kom til at tilbodet om å sette inn kontantar gjennom Spar-butikken vil dekke behovet på ein tilfredsstillande måte.

Det blei stilt spørsmål ved om Sparebanken Møre gir soknet gode nok vilkår, og om ein bør vurdere å skifte bank. AU kom til at ein ikkje vil prioritere å gjere noko med dette no.

**Vedtak:** AU tek meldinga frå Sparebanken Møre til vitande.

#### **AU-sak 53/24 Innspel frå Per Arne Rindarøy om korleis trekke fleire inn i kyrkja sitt arbeid**

Per Arne Rindarøy hadde skrive eit notat med ulike forslag til arrangement for å trekke fleire inn i kyrkja sitt arbeid, gjerne i samarbeid med kommune og næringsliv. I 2025 vil det t.d. vere 300-årsjubileum for Påskeliljemarka og 190-årsjubileum for kyrkja.

**Vedtak:** Innspelet settast opp som sak på neste SFR-møte, der Per Arne får høve til å legge fram sine idear og drøfte dei med soknerådet.

#### **AU-sak 54/24 Eventuell vikar for soknepresten på AU-møtet 8. august**


Soknepresten har ferie ved det oppsette AU-møtet 8. august, men ikkje ved det etterfølgjande SFR-møtet 22. august. Han ville avklare om domprosten burde kallast inn som vikar på AU-møtet.

**Konklusjon:** AU meinte det ikkje var naudsynt å innkalle vikar 8. august.

Aukra 02.05.2024

Erlend Melby  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Sekretær/referent



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 23. mai 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 41/24** Eventuelt